



**Til Vestland Ap, H, Sp, Frp, Sv, Krf, V, Mdg, Raudt.**

Pensjonistforbundet er ein partipolitisk nøytral organisasjon som arbeider for rettferdige økonomiske og sosiale kår for alle pensjonistar i vårt land..

Årsmøtet til Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane vedtok på sitt «heimeårsmøte» to resolusjonar som vi ber om at dykkar fylkesparti set på dagsorden, og innarbeider som ei målsetjing i partiprogrammet fram mot stortingsvalet 2021.

### **Pensjonistforbundet må få tilbake forhandlingsretten.**

Vi lever i ei tid der mykje er i endring, og som også påverkar pensjonistane sine økonomiske kår. I tida framover vert det derfor viktig at Pensjonistforbundet får tilbake forhandlingsretten med staten, slik at vi kan vere med å ta ansvar for pensjonistane sine økonomiske interesser. Dette må skje gjennom eit nytt forhandlingsinstitutt med staten, noko som staten bør sjå nytten av.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane vil på denne måten gi sterk støtte til arbeidet med å få på plass eit nytt forhandlingsinstitutt.

### **Pensjonistane sine tannhelsekostnader må innlemmast i eigenandelsordninga.**

Tennene og munnen er ein del av kroppen vår, og god tannhelse er viktig for den samla helsetilstand. Tannlegekostnadane kan for mange bli betydelege, og må no bli jamstilte med legekostnader for andre deler av kroppen, og innlemma i eigenandelsordninga.

Stortinget må no styrkje finansieringa av eigenandelsordninga, og innlemme tannpleie i denne.

Pensjonistane er den gruppa som har hatt den svakaste inntektsutvikling dei siste åra. Derfor ville det vere naturleg at denne omlegginga, som eit første steg, omfattar alle pensjonistar over 67 år.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane ser på dette som ei viktig velferdsreform.

Vi vonar at alle partia vil samarbeide med Pensjonistforbundet om desse reformene, som er svært viktige saker for oss fram mot stortingsvalet 2021.

Med helsing

Nils Gjerland

Fylkesleiar

Telf 95074007

Gjenpart til: lokalaviser i Vestland og NRK